

427 grasrotkroner til skulemusikken, 11.300 til Trio!

05.03.2009



Skulemusikken har fått dei første 427 grasrotkronene. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Grasrotandelen til Norsk Tipping er i funksjon frå 1. mars og dei første midlane er allereie kome inn.

Ved å gå inn på statistikken i sida til Norsk Tipping kan ein sjå at 10 spelarar inntil torsdag morgen hadde gjeve 427 kroner til Uskedal skulemusikk. Men eit lag som verkeleg har 'teke av' er Trio på Husnes - dei har allereie fått inn 11.300 kroner fordelt på 38 spelarar!

NYHET  **GRASROTANDELEN**

Hvem vil du støtte?



Lag/forening

USKEDAL SKULEMUSIKK
HERØYSUND BYGDALAG
FOLGEFONN RC KLUBB
ROSENDAL TURNLAG
ROSENDAL SKYTTARLAG
ROSENDAL RIDEKLUBB
USKEDAL HELSELAG

Org.nr.

885412912
985292353
993509787
993771645
993432784
990618070
993486949

Lista på SPAR inneheld dei laga som tipparane har spurde etter til no.

Denne statistikken blir oppdatert kvar dag. Eitt lag til i vår bygd, Uskedalen Helselag, har så langt registrert seg i Frivillighetsregisteret, men dei har førebels ikkje fått støtte.

Gunn Mari Moberg på SPAR strekar under at det ikkje er for seint for lag og foreiningar å registrera seg for å bli tilgodesett med midlar sjølv om fristen gjekk ut 1. mars. Tidlegare har leiinga i idrettslaget opplyst at registreringa deira også er i orden, men laget er ikkje med på den offisielle lista så langt.

Det er også fleire andre lag i bygda som bør bli med på ordninga og det er viktig å vera tidleg ute for å bli "prioritert" av tipparane.

SPAR har hengt opp ei "anbefalingsliste" med dei to lokale laga som er registrert og også einskilde lag i Herøysund og Rosendal. Nokre tipparar har spurt uskedalen.no kvifor også lag utanfor bygda blir anbefalt som mottakarar og svaret er rett og slett at laga på lista er dei som tipparane har spurd etter så langt.

Som registrert spelar kan du altså velge eitt lag eller ein foreining som du vil støtta. Fem prosent av innsatsen (med unntak av Exstra og Flax) går direkte til laget, men det er viktig å understreka at Grasrotandelen ikkje går ut over innsatsen eller premien din. Du blir altså ikkje belasta for å vera grasrotgjevar.

Når tilknyttinga er utført, vil mottakaren få grasrotmidlar frå deg heilt til du slettar eller legg inn ein ny mottakar, uansett kvar du spelar.

For å knytte deg til ordninga treng du Norsk Tipping sitt spelarkort som du får kjøpt hos kommisjonæren eller bestiller frå Norsk Tipping på nettet.

Det er fire vegar inn:

- Du tar med strekkoden og spelarkortet ditt til SPAR.
- SMS: GRASROTANDELEN 885412912 til 2020 (gratis)
- Internett: grasrotandelen.no eller norsk-tipping.no
- Norsk Tipping Mobilspel

Ellers er det mykje og fyldestgjerande informasjon på grasrotandelen.no og her kan du altså også følge med på kor mykje grasrotandelane gjev til dei einskilde mottakarane til kvar tid. .

Ellers er det av og til ikkje så dumt å leggja merke til kva som skjer hos naboen. Vi tenkjer på Trio, men også på Herøysund der tre lag har gått ut med ei felles oppmading om støtte (illustrasjon under)

Av Ola Matti Mathisen

 Herøysund Bygdalag Org.nr.: 985 292 353	 Herøysund Idrettslag Org.nr.: 984 931 697
Herøysund Skulemusikk Org. nr.: 985 585 946	